



Uskedalen kan registrera aukande popularitet som turmål og i dag har SIM testa ut kvalitetane våre med eit bokstaveleg tala luftig arrangement. 9 av 16 tilsette var med og gjekk frå Utåker over Nåso til Kalkstasjonen og alle var nøyde då dei kom fram i kveld. Det hadde vore ein fin og problemfri tur.

Vel framme venta eit triveleg måltid i Rabbekjedlaren som er godt eigna for slike mindre grupper.

Det hadde Elin Enes vore mester for, og ellers sto uskedeling og SIM-tilsett Oscar Langballe sentralt i opplegget, som bør frista fleire.

Biletet vart teke då gruppa kom fram til Rabben i kveld

Foto: Ola Matti Mathisen